

Plan for samordning offentleg/frivillig sektor

Kva gjeld så dette...?

Jau, målet er samarbeid om ein Plan for samordning offentleg/frivillig sektor 2021 – 2023, Bokn kommune.

Med ein handlingsplan, som grunnlag for eit godt samarbeid mellom frivilligheten og kommunen, vil vi leggje til rette for at alle som ynskjer det skal kunne delta i frivillige aktivitetar og foreningsliv på Bokn. Dette er uavhengig om ein vil engasjere seg som frivillig, eller om ein vil vere deltakar i eit tilbod i regi av lag og organisasjonar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel (Bokn kommune, 2019-2031) understrekar at Bokn kommune skal leggje til rette for inkludering, medverknad og samskaping. Frivillige lag og organisasjonar har vore med på å byggja opp det samfunnet vi har i dag, og dei er med på å fortsatt utvikla det vidare. Gjennom frivillighet og frivillig arbeid blir det skapt gode tilbod og gode miljø og frivillige lag og organisasjoner er med på å gje oss ei livskraftig øy med eit inkluderande og varmt lokalsamfunn.

Handlingsplanen skal bidra til å støtte opp under og styrkje ein allerede levande frivillig sektor og bidra til å skapa eit levande lokalsamfunn med muligheter for alle i heile kommunen.

Som ein introduksjon til planarbeidet gjennomførte kommunen, saman med Frivillighet Norge i mai/juni 2020 ei ekstern kartlegging av frivillige lag og foreningar. Funna i kartlegginga er samla i ein rapport som vi no ynskjer å presentera via ei digital samling på Teams. I tillegg til å gå gjennom undersøkelsen ynskjer vi å invitere til diskusjon rundt dei funn og utfordringar som Frivillighet Norge har identifisert.

Frivillige organisasjonar står i dag foran utfordringar med å tilpasse seg det moderne samfunnet der innbyggjarane si tid og økonomi er blitt viktigare enn før. Kommunane spelar ei viktig rolle som støttespelar, samarbeidspartnar og koordinator for frivilligheten i kommune -Norge.

Det er ikkje eit mål at frivilligheten på Bokn skal overta kommunen sine oppgåver, men spele ei rolle innanfor område der kommunen ikkje tilbyr tenester. Bokn kommune ynskjer med denne planen å ta sin rolle som koordinator, støttespelar og samarbeidspartnar på alvor og tilrettelegge for at frivilligheten på Bokn kan vekse og videreutvikle seg. Vi ser fram til eit godt samarbeid med engasjerte ildsjeler på Bokn!